



Statens vegvesen



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon
Kimmo André Pakkala - 48228282

Vår referanse:
15/251308

Deres referanse:

Vår dato
17.08.2018

U

FV.563 – Strømsnes - Hop – Oversending av klage på vedtak om ekspropriasjon – gnr.4 bnr.1 – Askøy kommune

Vedlagt følger oversendingsbrev med tilhørende vedlegg i saka. Grunneigaren skal ha moglegheit til å kome med merknader til fråsegna vår. Fristen for å kome med merknader er sett til 31.august.

Underteikna kan kontaktast på tlf: 48228282 eller mail: kimmo.andre.pakkala@vegvesen.no, om det er noko som er uklart eller om dykk ønskjer ytterlegare informasjon.

Eigedomssesksjonen
Med helsing

Kimmo André Pakkala
Kimmo André Pakkala



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/innvalgsnr:
Kimmo André Pakkala – 48 22 82 82

Vår referanse:
15/251308

Deres referanse:

Vår dato:
16.08.2018

Fv.563 Strømsnes – Hop – Oversending av klage på vedtak om ekspropriasjon – gnr.4 bnr.1 i Askøy kommune

Reguleringsplan 1247-415 Reguleringsendring deler av plan 274 Gbnr.4/1, 14 1094 m.fl.

Reguleringsplan 1247-415(**vedlegg 1**), som erstatter deler av reguleringsplan 1247-274(**vedlegg nr.2**), tredde i kraft frå 02.11.2017. Formålet med planen er å erstatte bruløysinga i plan 274 med ei fylling, jf. vedlagt plankart.

For å gjennomføre reguleringsplanen, er det nødvendig å erverve grunn frå gnr.4 bnr.1 i Askøy kommune.

Forhandlingar og vedtak om ekspropriasjon

Grunneigaren er representert av adv. Kathrine L. Mjell frå Advokatfirmaet Harris. Forhandlingane har vore av og på sidan hausten 2015, utan at dette har resultert i minneleg avtale. Dei siste forslaga til minneleg avtale blei sendt våren 2018. Det blei også gjennomført eit møte mellom partane 09.08.2018.

Av omsyn til nødvendig framdrift i prosjektet blei det sendt førehandsvarsel om ekspropriasjon 23.05.2018(**vedlegg nr.3**). Den 20.06.2018 blei det fatta vedtak om ekspropriasjon(**vedlegg nr.4**). Statens vegvesen har mottatt både merknader til førehandsvarsel om ekspropriasjon (**vedlegg nr.5**), samt klage på vedtak om ekspropriasjon (**vedlegg nr. 6**).

Klage på vedtak om ekspropriasjon

Advokat Mjell har på vegner av grunneigaren klaga/sendt inn merknader til ekspropriasjonsvedtaket. Klagen blei mottatt av Statens vegvesen 14.08.2018, slik at klagen er sendt inn før klagefristen gjekk ut. Klagen gjeld fleire ulike tema som vil bli tatt stilling til i den vidare framstillinga.

Våre merknader til klagen

Det rettslege grunnlaget for ekspropriasjonsvedtaket er veglova § 50. Av ekspropriasjonsvedtaket følgjer det at klagen til dømes kan rette seg mot saksbehandlinga i forkant av vedtaket, eller den rettsbruken vedtaket bygger på. Det fysiske inngrepet, dvs. traséval, vegbreidde, avkøyrslar mv., er fastlagt i reguleringsplanen, og kan ikkje påklagast.

Klager/merknader:

1: Behov for presisering

Det blir for det første hevda at det er nødvendig med ei presisering av kva vedtaket omfattar. Grunneigaren legg til grunn at vi ikkje skal erverve noko utover det som er markert med gul og grøn farge på gjeldande w-teikning(**vedlegg nr.7**). Vidare blir det bedt om ei presisering av at Statens vegvesen berre eksproprierer til bygging av veg, samt opparbeiding av fylling.

Vår vurdering:

Grunneigaren har bedt om ei slik presisering tidlegare også, då det i brev av 13.06.2018(**vedlegg nr.5**) blei vist til at grunneigar fant det uklart kva som er gjenstand for erverv/ekspropriasjon. Dette gjaldt både på land og i sjøen.

I e-post av 19.06.2018 til adv. Mjell(**vedlegg nr.8**) blir det vist til at w-teikninga må sjåast i samanheng med reguleringsplankartet, som klart og tydeleg viser at ervervet/ekspropriasjonen blir større enn det som følgjer av gjeldande w-teikning. Av ulike årsaker er det ikkje alltid mogleg å lage w-teikningar som er 100% nøyaktige. Derfor er det ikkje uvanleg at ein må supplere med byggeteikningar(**vedlegg nr.9**) og reguleringsplankart(**vedlegg nr.1**) for å få betre oversikt over ervervet. Dette var også eit tema på møtet 09.08.2018, og vi oppfatta det slik at dette no var avklart i den grad det er mogleg.

Under møtet mellom partane 09.08.2018, tok grunneigaren opp dette med at vi må erverve areal under dagens bru, då dette er ein del av eigedomen til grunneigaren. Vi stadfesta at dette er korrekt, men at gjeldande w-teikning ikkje viser dette grunna at dette arealet ligg under dagens fylkesveg. På tross av dette skal vi klare å finne ut kor mykje areal det er snakk om, slik at ein får eit oppdatert tal på denne fronten.

Som gjennomgangen viser har gjeldande w-teikning eit forbettringspotensiale. Samstundes meiner vi at grunneigar får eit tydeleg bilete av kva areal det er snakk om, når ein ser w-teikninga i samanheng med reguleringsplankartet og gjeldande byggeteikning. Det er såleis openbert at ervervet ikkje er avgrensa til w-teikninga, slik grunneigaren har lagt til grunn. Når ein ser dei nemnte teikningane og karta i samanheng, skal grunneigaren ha tilstrekkeleg med informasjon til å ivareta sine interesser.

Vi stadfestar at vi eksproprierer til bygging av veg med tilhøyrande fyllingsutslag.

2: Eigarskap til grunnen under fylkesvegen

Grunneigaren hevdar at han er rette eigar av arealet under eksisterande fylkesveg. I samband med dette blir det vist til korrespondanse mellom Askøy kommune og Mikal Strømsnes.

Vår vurdering:

Vårt standpunkt på dette punktet er at Hordaland fylkeskommune har overtatt eigedomsretten til dette arealet, i kraft av at den kommunale vegen blei overført frå kommunen til fylkeskommunen, som deretter har drifta og vedlikehaldd denne vegen i årevis.

Vi vil kome tilbake med eit meir detaljert resonnement vedr. eigarskap til dette arealet fram mot skjønssaka som er sett til 15-19 oktober.

Om skjønnsretten meiner at Strømsnes framleis er eigar av arealet under fylkesvegen, får ein heller ordne opp med ein ekstra kompensasjon når ein slik konklusjon ligg føre.

3: Manglande areal i w-teikninga og feil i matrikkelen

Vidare blir det peika på at partane er einige om at arealet under dagens bru, også er noko som må takast med i gjeldande w-teikning. I tillegg blir det hevda at det ligg føre ein feil i matrikkelkartet. I samband med dette blir det hevda at Strømsnes er eigar av arealet som på kartet er vist som gnr.4 bnr.16(**vedlegg nr.10**).

Vår vurdering:

Som nemnt under punkt 1 i denne framstillinga er partane einige om at Statens vegvesen skal erverve arealet under eksisterande bru også. Dette er noko vi skal rette opp i nær framtid, slik at dette kjem med i ei oppdatert w-teikning.

Denne vegutbetringa har dessverre vist at matrikkelkartet i fleire tilfelle ikkje er til å stole på. Samstundes er det slik at Statens vegvesen ikkje har myndigheit til å avgjere kven som er eigar av eit areal, dersom det pågår ein privatrettsleg tvist om dette. Dette er noko som vi får følgje opp i fortsettinga, og dersom ein ikkje finn ei løysing på dette punktet, får skjønnsretten ta stilling til dette.

4: Erverv av eigedomsrett i sjøen.

Advokat Mjell har vist til e-post av 19.06.2018, kor Statens vegvesen viser til at storleiken på fyllinga medfører at eigedomsretten som gnr.4 bnr.1 i dag har ut i sjøen, må vere ein del av ervervet/ekspropriasjonen.

Advokat Mjell er ueinig i at dette er tilfelle, og hevdar at eigedomsretten med tilhøyrande utfyllingsrett etc, er i behald på utsida av fyllinga som blir etablert.

Vår vurdering:

Som nemnt i dei førre avsnitta er standpunktet vårt at eigedomsretten som gnr.4 bnr.1 i dag har utover i sjøen, fell vekk som følgje av storleiken på fyllinga som blir etablert. Utanfor fyllingsfoten vil djupna fleire stader vere om lag 20 meter jf. djupnedata som følgjer av planskildringa s.25-26(**vedlegg nr.11**). Vi kan ikkje sjå at det ligg føre rettsleg grunnlag for at eigedomsretten i sjøen strekker seg så langt som dette. Igjen er dette noko som skjønnsretten vil kunne ta stilling til, dersom ein ikkje blir einige om ei løysing.

5: Parkeringsplass, bruksrett til veg og avkøyrsløse:

Advokat Mjell har vidare gjort gjeldande at Strømsnes må sikrast rett til området kor det er regulert parkeringsplass, og til den gangvegen som er regulert inn i fyllingsutslaget ned til sjøen.

Det blir også vist til at ein i e-post av 19.juni skreiv at gangvegen skulle etablerast, men at ein på møte 09.08.2018 informerte om at det ikkje er tilstrekkeleg med massar til å gjere dette likevel. Det blir gjort gjeldande at dette er i strid med planskildringa.

Endeleg blir det vist til at partane drøfta moglegheita for ei avkøyrsløse på sørsida av fyllingsutslaget.

Vår vurdering:

Det er regulert inn parkeringsplassar i fyllingsutslaget som blir liggjande på vestsida av den nye fylkesvegen, men dette er ikkje noko vi kjem til å etablere. Då parkeringsplassen er plassert i fyllingsutslaget, er dette eit areal som Hordaland fylkeskommune må eige for å kunne utføre nødvendig drift og vedlikehald etc. Om det på eit tidspunkt blir etablert ein parkeringsplass i fyllingsutslaget, må bruken av denne for det første avgrensast på ein slik måte at den ikkje hindrar nødvendig drift og vedlikehald. Vidare må ein slik framtidig bruk t.d. heller ikkje påføre Hordaland fylkeskommune unødvendige utgifter, ved gjennomføring av nødvendige tiltak.

Gjennomgangen i førre avsnitt gjeld tilsvarande for evt. bruksrett i vegen som er regulert inn, då denne også er plassert i eit av fyllingsutslaga.

Rettar til desse areala er noko som har vore drøfta under dei minnelege forhandlingane, men partane har fram til no ikkje blitt einige om noko avtale. Også dette er noko skjønnsretten vil kunne ta stilling til, dersom partane ikkje blir einige.

Det er heilt korrekt at det i e-post av 19.06.2018 blir uttalt at ein hadde til hensikt å etablere den nemnte gangvegen. I etterkant av dette har det vist seg at det ikkje ligg føre tilstrekkeleg med masseoverskot til å etablere denne. Sett i lys av at vi ikkje er juridisk bunden til å etablere denne gangvegen, samt at vi må kjøpe og transportere massar frå ein annan stad for å eventuelt gjere dette, har vi konkluderte med at dette ikkje blir gjort i denne omgang.

Som ein del av minnelege forhandlingar har vi sagt at vi er viljuge til å sjå nærare på moglegheita for ei avkøyrsløse, slik Advokat Mjell er inne på i brevet sitt. Vi vil følgje dette opp i fortsettinga.

6: Utsetjande verknad Oreigningslova § 5 2.ledd.

Advokat Mjell har avslutningsvis klaga på vedtaket om at klage på vedtaket om ekspropriasjon ikkje skal ha utsetjande verknad. Det blir vist til at det er nødvendig å klargjere dei forholda som klagen tek opp, før det kan skje forhåndstiltredelse etter oreigningslova § 25.

Vår vurdering:

I vedtak om ekspropriasjon (**vedlegg nr.4**) blei det fatta vedtak etter oreigningslova § 5 2.ledd om at ein eventuell klage på ekspropriasjonsvedtaket ikkje skal ha utsetjande verknad når det gjeld å krevje ekspropriasjonsskjønn, samt søknad om forhåndstiltredelse etter oreigningslova § 25.

Slikt vedtak kan berre gjerast i særlege høve om det kjem til å føra urimeleg hefte om klaga skulle ha utsetjande verknad, jf. oreigningslova § 5 2.ledd.

Vi meiner at det aktuelle vilkåret er oppfylt. Grunngevinga for dette er fleirdelt. Anleggsarbeidet starta opp i april, men grunna manglande tiltredelse på arealet som er omfatta av planid 415, er entreprenøren tvungen til å arbeide på ein urasjonell måte. Dette skjer grunna at planid 415 legg opp til at ein skal leggje overskotsmassar i dette området, og når dette ikkje er mogleg må ein køyre vekk massar eller lagre desse på ueigna plassar. Ein av konsekvensane av dette er at anleggsarbeidet vil ta lenger tid enn planlagt. Dette medfører store ekstrakostnader, som elles kunne ha blitt brukt på veganlegget.

I tillegg blir trafikkavviklinga i området meir utfordrande når entreprenøren må køyre gjennom heile anlegget for å kvitte seg med massar.

Grunneigaren har rett til å vere ueinige med oss, men vi har hatt dialog med grunneigaren sidan hausten 2015, og vi har svart på spørsmål og merknader frå grunneigar etter beste evne. Det er ikkje alt som kan avklarast i forkant av eit vegprosjekt, då det er for mange usikre faktorar som gjer seg gjeldande i ein slik prosess. Vårt standpunkt er at grunneigar har tilstrekkeleg med informasjon til å ivareta sine interesser, og at det vil utgjere dårleg samfunnsøkonomi om klagen skal ha utsetjande verknad.

Avslutning

Statens vegvesen legg til grunn at dei vilkåra som er sett til vedtakets innhald er oppfylte. Vår konklusjon er derfor at det ikkje ligg føre grunnlag for å ta klagen til følgje.

Med Helsing

Tone Margrethe Oppedal

For Helge Eidsnes
Regionvegsjef

Vedlegg: 11



REGULERINGSBESTEMMELSER FOR REGULERINGSPLAN ETTER PBL 2008 REGULERINGSENDRING DELER AV PLAN 274 GBNR 4/1, 14 1094 M. FL.

jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 12-7

Nasjonal arealplan-ID:	124700415
Datert:	13.10.2016
Revidert:	08.12.2016, 21.09.17
Kommunestyrets vedtak:	02.11.17, sak 111/17

§ 1

PLANENS GRENSER OG REGULERINGSFORMÅL

1.1 Det regulerte arealet er på planen vist med reguleringsgrense. Innenfor denne grensen skal arealet benyttes som vist.

1.2 Arealene innenfor planområdet er satt av til følgende formål:

Bebyggelse og anlegg pbl § 12-5. 1.

Boligbebyggelse - frittliggende
Vann- og avløpsanlegg
Uthus/ naust/ badehus

BFS1 – BFS2
o_BVA
BUN

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur § 12-5. 2

Kjøreveg
Gang-/sykkelveg
Gangveg/gangareal/gågate
Annen veggrunn – grøntareal
Parkeringsplasser (på grunnen)

SKV, o_SKV1 – o_SKV2
o_SGS1 – o_SGS3
f_SGG1, SGG2
o_SVG1 – o_SVG6, SVG1 – SVG5
f_SPP

Grønnstruktur § 12-5. 3

Turveg

GT1 – GT2

Landbruks-, natur- og friluftsområder, samt reindrift (Pbl § 12-5. 5)

Friluftsmål

LF1

Bruk og vern av sjø og vassdrag (Pbl § 12-5. 6)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med
tilhørende strandsone

o_V

Hensynssoner § 12-6

Sikringssoner - Frisikt

H140_1 – H140_7

Bestemmelse områder

Bestemmelse område

BO1_1-BO1_2

Midlertidig bygge- og anleggsområde

BO91_1 – BO91_4

§ 2 FELLESBESTEMMELSER (pbl § 12-7)

2.1 Landskap og tilpasning til terreng

- 2.1.1 Terrenginngrep i sammenheng med veganlegget skal skje mest mulig skånsomt. Fjellskjæringer og fyllinger skal avrundes og tilpasses tilgrensende terreng. Fyllinger, grøfter og skråninger skal tilsås og beplantes med stedegen vegetasjon. Det kan oppføres støttemurer. Støttemurene skal i størst mulig grad oppføres som natursteinsmurer. Ved søknad om opparbeiding av bryggeanlegg på området BUN skal det følge teknisk plan som viser plan for bearbeiding av terrenginngrep med tilplanting og/eller natursteinsmur. Nåværende vegetasjon skal tas vare på i størst mulig utstrekning. Terrengbehandling skal gjøres ferdig på samme tid som resten av veganlegget.
- 2.1.2 Mindre avvik innenfor områder Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5, nr. 2), vil kunne skje som følge av uventede forhold, som for eksempel grunnforhold eller mangler i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponeres til vegformål vil fravike noe fra det som går frem av formåls grensene i planen. Areal som ikke blir disponert til vegformål er forutsett brukt som tilstøtende areal.

2.2 Universell utforming og tilgjengelighet

Gang- og sykkelveger (o_SGS1 – o_SGS3) og gangveger/gåareal (f_SGG1 og SGG2) skal være universelt utformet ihht Statens vegvesens håndbøker.

2.3 Kulturminner

Dersom det i sammenheng med gravearbeid kommer frem funn eller konstruksjoner, må arbeidene straks stanses og fylkeskonservatoren få melding for nærmere undersøkelser på stedet.

2.4 Forurensing

- 2.4.1 Ved utfylling av masser i sjøen må det søkes til Bergen og omland Havnevesen og Fylkesmannens miljøvernavdeling.
- 2.4.2 Ved utarbeidelse av tekniske planer skal foretas geotekniske- og miljøtekniske undersøkelser i sedimenter i Olavvika.

2.5 Sikring av skrenter og stup

Høye vegskjæringer og murer skal være sikret med gjerder under anleggsperioden og når anleggsperioden er over.

§ 3 REKKEFØLGEKRAV

- 3.1 Før anleggsstart skal håndtering av svartelistede arter fremlegges for kommunens byggesaksavdeling som en del av prosjektets YM-plan (Ytre Miljø). Den skal inneholde rutiner for å unngå spredning av svartelistede arter ved flytting av masser og deponering i anleggsfasen og tre års bekjempelse etter at anlegget er gjennomført. Dersom det fortsatt er spredning etter tre år, må perioden med bekjempelse utvides.
- 3.2 Terrengbehandling av områder avsatt til annen veigrunn skal ferdigstilles samtidig med resten av anlegget. Beplantning skal opparbeides samtidig med veianlegget og være ferdigstilt senest vårsesongen etter at veianlegget er åpnet.
- 3.3 Midlertidig rigg- og anleggsområder skal være opparbeidet i samsvar med byggeplan innen ett år etter at anlegget er tatt i bruk.
- 3.4 Før det kan gis igangsettingstillatelse for etablering av uthus/naust/badehus og bryggeanlegg på området BUN skal FV 563 med tilhørende infrastruktur, fyllinger, grøfter og skjæringer (SVT, SVG, SGS, SGG) være ferdig opparbeidet og klar til bruk.
- 3.5 BUN og o_SVG1-o_SVG6, SVG1-SVG5 må jordslås og tilsås innen to år etter at fylling er etablert.

§ 4 BEBYGGELSE OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr.1)

- 4.1 Boligbebyggelse – frittliggende, BFS1 – BFS2**
Områdene er regulert for eksisterende frittliggende boligbebyggelse.
- 4.2 Vann- og avløpsanlegg, o_BVA**
- 4.2.1 Innenfor området tillates det etablering av vann- og avløpsanlegg med tilhørende bygg og infrastruktur.
- 4.2.2 Tillatt bebygd areal er satt til maksimum % -BYA = 50 %.
- 4.2.3 Nye bygninger skal ha saltak. Maksimal mønehøyde på nye bygninger er 4.5 m over gjennomsnittlig planert terreng.
- 4.3 Uthus/ naust/ badehus, BUN**
- 4.3.1 Innenfor området tillattes det etablering av uthus/naust med tilhørende bryggeanlegg.
- 4.3.2 Tillatt bebygd areal for nye bygninger er satt til maksimum % -BYA = 20 %. Bryggeanlegg er ikke inkludert i utnyttelsesgraden.
- 4.3.3 Toppgrunnmur for bygninger skal ikke ha lavere kotehøyde enn k +3.0 m.
- 4.3.4 Maksimal mønehøyde på nye bygninger er 5.5 m målt fra topp grunnmur.
Bygningen skal være i én etasje. Bryggeanlegg skal opparbeides som vist på plankart med tilhørende kotehøyder for toppdekke.
- 4.3.5 Naust skal ha saltak med en takvinkel på mellom 35 og 45 grader. Takutstikk skal ikke overstige 0,5 meter. Altan / utkraging er ikke tillatt. Møneretning skal være i østvestlig retning.
- 4.3.6 Naust skal kun nyttes til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskeredskap. Naust skal ikke omdisponeres eller nyttes som fritidshus eller bolig.
- 4.3.7 Områdene skal være åpent for allmennhetens tilgang til tilstøtende friområder, og kan benyttes som fiskeplass.
- 4.3.8 Det skal være mulig for allmennheten å ferdes foran naust og mellom naust/naustgrupper. Det er ikke tillatt med gjerde/levegg eller andre stengsler/innretninger som hindrer fri ferdsel gjennom området.
- 4.3.9 Vindusarealet sin dagslysflata skal ikke overstige 3 % av hovedplanet sitt bruksareal. (T-BRA)
- 4.3.10 Nye bygninger på området skal ha et helhetlig og gjennomgående arkitektonisk fasadeuttrykk vedrørende utforming, størrelse, material- og fargevalg. Kledning skal være av kanta bord, liggende eller stående. Farger skal være umalt, rødt, brunt eller grått.
- 4.3.11 De deler av planområdet som blir brukt til båttopplag, rengjøring og båtpuss skal ha fast dekke med avrenning til sandfangskum (evt. annen oppsamling/rensing).

§ 5

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 2)

5.1 Gang- og sykkelveg, o_SGS1 – o_SGS3

Følgende eiendommer har adkomst via del av gang- og sykkelveg til fylkesvegen:

Gang- og sykkelveg	Gnr.	Bnr.
o_SGS1	4	457
o_SGS2	4	1, 457
o_SGS3	4	14, 718

5.2 Gangveg/gangareal/gågate, f_SGG1 og SGG2

Følgende eiendommer har adkomst via del av gang- og sykkelveg til fylkesvegen:

Gangveg	Gnr.	Bnr.
f_SGG1	4	718, 1094
SGG2	4	1

5.3 Annen veggrunn – grøntareal, o_SVG1 – o_SVG6, SVG1 – SVG6

5.3.1 Innenfor formålet tillates etablering av nødvendige skjæringer, fyllinger, murer og nødvendige tekniske installasjoner knyttet til veien.

5.3.2 Arealen kan benyttes som riggområde og midlertidig deponi i anleggsfasen.

5.3.3 Eksisterende vegetasjon skal i størst mulig grad ivaretas.

5.3.4 Arealene skal dekket med jord og tilsåes.

5.4 Parkeringsplasser (på grunnen), f_SPP

5.4.1 Innenfor området kan det etableres parkeringsplass for personbiler.

5.4.2 Parkeringsplassen skal etableres som anvist på plankartet (totalt 13 stk. parkeringsplasser).

§ 6

GRØNNSTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 3)

6.1 Turveg, GT1 – GT2

6.1.1 Turveg skal etableres som angitt på plankartet, og tillates etablert med grusdekke.

6.1.2 Ledningstraseer (jordkabler) for VA, strømforsyning og annen teknisk infrastruktur kan etableres under terrengnivå på delområdene.

§ 7

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL

(pbl § 12-5 nr. 5)

7.1 Friluftsmål, LF1

7.1.1 Innenfor LF1 er det ikke tillatt med noen form for tiltak eller inngrep

7.1.2 Området er regulert for friluftsmål.

7.1.3 Friluftsområdet er område for allmenn ferdsel.

§ 8

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØRENDE STRANDSONE

(pbl § 12-5 nr. 6)

8.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone, o_V

Området skal være åpent for allmenn ferdsel. I område kan det etableres fylling i sjøen under kote +0.0 m

§ 9

HENSYNSSONER

(pbl § 12-6)

9.1 Sikringssone, frisikt, H140_1 – H140_7

I områder med frisiktssone skal avkjørsler ha fri sikt på 0,5 meter over tilgrensende vegers plan

9.2. Støysone, H210_1 og H220_1

Til enhver tid gjeldende retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging skal benyttes. Det gjelder også for anleggsfasen.

§ 10 BESTEMMELSEOMRÅDE

10.1 Bestemmelsesområder, BO1_1 og BO1_2

- 10.1.1 Innenfor BO1_1 kan det anlegges flytebrygger. Flytebryggene skal forankres på sjøbunnen innenfor regulert planområde.
- 10.1.2 Innenfor BO1_2 kan det anlegges molo. Utfylling til molo skal skje innenfor planområdet.
- 10.1.3 Områdene BO1_1 og BO1_2 skal være åpent for allmennhetens tilgang til tilstøtende friområder og flytebrygge/flytemolo kan benyttes som fiskeplass.

10.2 Midlertidig bygge- og anleggsområde, BO91_1– BO91_4

Midlertidige rigg- og anleggsområder kan i anleggsperioden benyttes som riggplass og område for mellomlagring av alle typer masser, lagring av materialer, utstyr og anleggsveger og lignende. Landskap og vegetasjon skal ikke berøres mer enn høyst nødvendig. Etter avsluttet anleggsperiode skal områdene istandsettes og tilbakeføres til opprinnelig formål.



Plan 274 – Fv 563 Strømsnes – Hop

REGULERINGSBESTEMMELSER

**§1
Generelt**

- 1.1 Det regulerte arealet er på planen vist med reguleringsgrense. Innenfor denne grensen skal arealet benyttes som vist.
- 1.2 I samsvar med § 25 i plan- og bygningsloven er arealet regulert til følgende formål:

Byggeområder (§25, 1. ledd nr. 1)

- eksisterende bolig med tilhørende anlegg

Offentlige trafikkområder (§25,1.ledd nr.3)

- kjøreveg
- annen veggrunn
- GS-veg, fortau
- parkeringsplass

Fareområder (§25,1.ledd nr.5)

- høyspenningsanlegg

Spesialområder (§25,1.ledd nr.6)

- private veier
- friluftsområde (på land)
- friluftsområde i sjø og vassdrag
- kommunalteknisk anlegg
- frisiktsone ved veg
- annet spesialområde, nødvendig sideareal for avkjørsel

Fellesområder (§25,1.ledd nr.7)

- felles veg
- felles parkeringsplass
- annet fellesareal, nødvendig sideareal for avkjørsel

Kombinerte områder (§25,2.ledd)

- annen veggrunn/bolig
- annen veggrunn/off. bygninger, barnehage
- annen veggrunn/landbruk
- annen veggrunn/friluftsområde
- annen veggrunn/rasteplass

§2

Fellesbestemmelser

- 2.1** Bestemmelsene gjelder innenfor rammen av plan- og bygningsloven med tilhørende vedtekter for Askøy kommune.
- 2.2** Når særlige grunner taler for det kan kommunen gjøre unntak fra disse bestemmelsene innenfor reglene i plan- og bygningsloven.
- 2.3** Mindre avvik i skråningsutslag innenfor område veg og annen veggrunn vil kunne finne sted som følge av uforutsette forhold, som for eksempel grunnforhold eller mangler i kartgrunnlaget. Dette kan medføre at areal som skal disponeres til vegformål vil avvike noe fra det som fremgår av formåls grensene i planen. Areal som ikke blir disponert til vegformål forutsettes å bli brukt som tilstøtende formål.
- 2.4** Støttemurer skal oppføres der det er behov for det innen planområdet.
- 2.5** Høye vegskjæringer og murer skal være sikret med gjerder under anleggsperioden og når anleggsperioden er over.
- 2.6** Riggareal for veganlegget kan opparbeides i anleggstiden innenfor regulert areal. Etter bruk skal området som ble brukt til riggområde opparbeides og settes i stand i samsvar med reguleringsplanen.
- 2.7** Automatisk fredet kulturminne:
Dersom det i sammenheng med gravearbeid kommer frem funn eller konstruksjoner, må arbeidene straks stanses og fylkeskonservatoren få melding for nærmere undersøkelser på stedet.
- 2.8** Kulturminne registrert ved profil 430 venstre side, på eiendom 4/15 skal bevares.
- 2.9** Det er forbud mot uttak av matjord frem til gjennomføringen av veganlegget. Matjord skal nyttes på fyllinger og til utslakking av skråninger og til komplimentering av veganlegget.
- 2.10** Dersom det ved vegutbedringen blir aktuelt å dumpe masser i sjøen må det søkes til Bergen og omland Havnevesen og Fylkesmannens miljøvernavdeling.
- 2.11** Ved utforming av byggeplan og gjennomføring av anlegget skal det fokuseres på HMS. Dette gjelder tiltak både for de som jobber på anlegget og for trafikanter som passerer anleggsområdet.



- 2.12 Miljøverndepartementets retningslinje for støy i areal, T-1442, skal legges til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Alle boliger (og eventuelt fritidsboliger) skal ha minst en utendørs oppholdsplass med gode solforhold og støynivå som ikke overskrider $L_{den} = 55$ dB. Skjerming langs hovedveg skal prioriteres, men lokale skjærmer på tomt/terrasse eller eventuelt full innglassing med vinterhage kan eventuelt aksepteres for å innfri kravet. For innendørs støy er planleggingsmålet at døgnekvivalent støynivå ikke skal overstige $L_{Aeq,24t} = 35$ dB i oppholdsrom (stue, kjøkken og soverom). Det skal gjennomføres nødvendige fasadetiltak i støyutsatte boliger til å innfri dette kravet. Omfang av støytiltak vil bli nærmere vurdert som en del av byggeplanleggingen.

§3

Byggeområder

- 3.1 Byggeområder omfatter:
- Boliger med tilhørende anlegg
- 3.2 Generell byggegrense fra vegens senterlinje er på 30 m. Denne er vist i planen. Utenfor planens begrensning er byggegrensen kun ment som illustrasjon.

§4

Offentlige trafikkområder

- 4.1 Offentlige trafikkområder omfatter:
- Kjøreveg
 - Annen veggrunn
 - GS-veg, fortau
 - Parkeringsplass
- 4.2 Kjørevegen skal ha linjeføring, høyder og inndeling av de respektive formål som er vist i planen. Annen veggrunn som omfatter vegskråninger, o.l. skal ordnes slik at de får et tiltalende utseende. Ved bygging av bro ved Strømsnesvannet skal løsningen tilpasses mulig laksetrapp.
- 4.3 Avkjørsler skal opparbeides som de er vist på plantegningene. Avkjørslene skal utformes og vedlikeholdes i samsvar med Statens vegvesen sine normaler og bestemmelser til Vegloven § 43. Frisiktsoner er regulert til spesialområde (se § 6).
- 4.4 På offentlig gang- og sykkelveg langs Rv563, profil 710-810 er kjøring tillatt for eiendommene 4/88 og 4/89.



§5 Fareområder

- 5.1 Fareområder omfatter
- Høyspenningsanlegg
- 5.2 Området under høyspentlinjen er regulert til kjøreveg, gang-/sykkelveg og annen veggrunn. Det er ikke tillatt å grave, sprengre eller å bygge innenfor dette området.

§6 Spesialområder

- 6.1 Spesialområder omfatter:
- private veger/avkjørsler
 - friluftsområde (på land)
 - friluftsområde i sjø og vassdrag
 - kommunalteknisk anlegg
 - frisiktzone ved veg
 - annet spesialområde, nødvendig sideareal for avkjørsel
- 6.2 I frisiktsonene skal det være uhindret sikt ned til 0,5 meter over de kryssende vegers plan.
- 6.3 SF1:
Friluftsområde Olaviken. Det kan plasseres næst innenfor området.
- 6.4 SF2:
Friluftsområde i sjø. Ved utarbeidelse av fyllingen må det tas hensyn til inntak av ferskvann til oppdrettsanlegg fra Strømsnesvannet. Det skal også gjøres grunnundersøkelser av bunnen av Strømsnesvannet i viken mot fabrikken for å avdekke eventuelle forurensninger som det skal tas hensyn til ved fylling i henhold til Forurensningsforskriften, kapittel 2.

§7 Fellesområder

- 7.1 Fellesområder omfatter
- felles veger/avkjørsler
 - felles parkeringsplass
 - annet fellesareal, nødvendig sideareal for avkjørsel
- 7.2 Avkjørslene F1 – F29 er felles for de respektive eiendommene som sogner til vegene.





§8 Kombinerte områder



- 8.1 Kombinerte områder omfatter**
- annen veggrunn/bolig
 - annen veggrunn/off. bygninger, barnehage
 - annen veggrunn/landbruk
 - annen veggrunn/friluftsområde
 - annen veggrunn/rasteplass
- 8.2 Områdene skal brukes som tilkomst til anlegget og til lagring av masser i byggeperioden. Etter at anlegget er avsluttet går arealet tilbake til regulerte formål i eksisterende reguleringsplaner og/eller i kommuneplanen.**
- 8.4 Område R1 skal brukes som riggområde i anleggsperioden. Etter at anleggsperioden er avsluttet skal det opparbeides rasteplass på området. Utformingen av området skal detaljeres nærmere i byggeplan.**

Datert 30.04.2008
Siste revisjon 24.08.2011

Askøy kommune
Avdeling for arealbruk







SAMRÅDNING I.F.L.G. PLAN OG BYGNINGSLOVEN

Spørsmål	Svar
1. Hva er formålet med planene?	Planene har som formål å regulere utbyggingen av området og sikre en god trafikksituasjon for alle som skal bruke området.
2. Hvorfor er det nødvendig med planer?	Planene er nødvendige for å sikre at utbyggingen skjer på en måte som tar hensyn til miljøet, sikkerheten og de lokale beboernes behov.
3. Hva er konsekvensene av planene?	Planene vil resultere i nye bygninger og infrastruktur i området, noe som vil påvirke miljøet og trafikken.
4. Hvordan kan jeg bidra til å bedre planene?	Det er viktig at du gir oss tilbakemeldinger på dine kommentarer og innspill til planene.

Informasjon:
 Tegningene er utarbeidet med
 AutoCAD 2011 og er utarbeidet på
 basis av målestokk 1:1000. De
 er utarbeidet på grunnlag av
 målestokk 1:1000.

Skala:
 Målestokk 1:1000
 0 10 20 30 40
 Meter

Prosjektinformasjon:
 Prosjekt: STRAMSNES - ROP
 Utarbeidet av: [Firma logo]
 Dato: [Dato]

- TEGNEFORKLARING**
PLAN OG BYGNINGSLOVEN (PBL) §15
- 1. BYGNINGSLOV (1987)
 - 2. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 3. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 4. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 5. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 6. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 7. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 8. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 9. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 10. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 11. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 12. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 13. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 14. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 15. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 16. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 17. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 18. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 19. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 20. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 21. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 22. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 23. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 24. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 25. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 26. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 27. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 28. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 29. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 - 30. TRAFIKKFORHOLD (1987)

TEGNEFORKLARING
PLAN OG BYGNINGSLOVEN (PBL) §15

1. BYGNINGSLOV (1987)
 2. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 3. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 4. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 5. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 6. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 7. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 8. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 9. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 10. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 11. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 12. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 13. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 14. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 15. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 16. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 17. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 18. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 19. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 20. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 21. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 22. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 23. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 24. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 25. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 26. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 27. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 28. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 29. TRAFIKKFORHOLD (1987)
 30. TRAFIKKFORHOLD (1987)

Vedlegg nr. 3



Statens vegvesen

Magne Jostein Strømsnes
v/Adv. Kathrine L. Mjell
Postboks 4115 Sandviken
5835 Bergen

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kimmo André Pakkala /
48228282

Vår referanse:
Doknr

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.05.2018

Førehandsvarsel om ekspropriasjonsvedtak – gnr. 4 bnr. 1 i Askøy kommune – Fv. 563, Askøypakken, Strømsnes – Hop Fv. 563

Reguleringsplanen Reguleringsendring deler av plan 274, gbnr 4/1, 14, 1094 m.fl., planid 415 som blei godkjend den 02.11.2017, inneber at du må avstå grunn fra eigedommen din til Statens vegvesen. Vegvesenet har forhandla med deg om ein avtale om avståinga, men vi har ikkje komme til semje.

Dette brevet er eit førehandsvarsel om at Statens vegvesen derfor kjem til å gjere vedtak om ekspropriasjon. Det gjer vi for å sikre at anleggsarbeida som rører ved eigedommen din, kan starte til planlagd tid. Vegvesenet har rett til å gjere dette etter veglova § 50 og dei tilhøyrande forskriftene.

Kva inneber eit vedtak om ekspropriasjon?

Ekspropriasjon er eit tvangserverv. Det vil seie at du må gi frå deg eigedom utan at du godtek det frivillig. Statens vegvesen tek då over det som trengst av grunn og tilhøyrande rettar for å få gjennomført vegtiltaket. Du har krav på erstatning for grunnen du avstår. Denne erstatninga blir fastsett ved rettsleg skjønn (ekspropriasjonsskjønn).

Vi gjer merksam på at når du har motteke dette varselet, kan du ikkje gjere noko med eller på eigedommen som kan hindre, skape problem for eller fordyre det aktuelle inngrepet. Gjer

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

du det, kan det få konsekvensar for erstatninga (jf. oreigningslova § 28). Ta kontakt med oss dersom du har spørsmål i samband med dette.

Kva kan du gjere no?

Du kan gi uttrykk for eventuelle innvendingar mot at Statens vegvesen skal gjere eit vedtak om ekspropriasjon. Det gjer du skriftleg per brev eller e-post til oss innan 3 veker etter at du har motteke dette brevet.

Vi gjer merksam på at slike skriftlege innvendingar berre kan rette seg mot vedtaket om å ekspropriere grunn og rettar for å få gjennomført vegtiltaket. Innvendingane kan gjelde måten grunnervessaka er behandla på, for eksempel forhandlingane som er førte med deg, eller lovbruken vedtaket byggjer på. Det fysiske inngrepet, det vil seie traseval, vegbreidd, avkøyrslar og støyskjerming med vidare, er fastlagt i reguleringsplanen.

Vi nemner også at sjølv om Statens vegvesen no startar prosessen med ekspropriasjon, er vi framleis opne for å få til ein avtale med deg. Ta kontakt dersom du ønskjer å få til ein avtale.

Du har krav på å få dekt nødvendige utgifter

Du har krav på å få dekt nødvendige utgifter til sakkyndig bistand under ekspropriasjonsprosessen. Det gjeld både i samband med vedtaket om ekspropriasjon og ei eventuell klagebehandling (jf. oreigningslova § 15) og i samband med ekspropriasjonsskjønnet (jf. skjønnsprosesslova § 54).

Vi vil presisere at du berre kan krevje å få dekt nødvendige utgifter (jf. skjønnsprosesslova § 54). Generelt inneber det at grunneigarane må samle seg om så få advokatar/sakkyndige som nødvendig for å ta vare på sine interesser. Kva som er nødvendig i denne konkrete saka, blir i siste instans avgjort av retten i samband med ekspropriasjonsskjønnet. Statens vegvesen vil tidleg i prosessen gi uttrykk for sitt syn på spørsmålet om talet på advokatar/sakkyndige.

Det er du sjølv som avgjer om du har behov for sakkyndig bistand, og kva type bistand du har behov for. Mest aktuelt er advokatbistand, men også bistand frå sakkyndige på spesielle område kan vere aktuelt (landbruk, bygningar og liknande). Det er du som må ta initiativet til å engasjere slik bistand.


Ta gjerne kontakt med oss

Dersom du har spørsmål eller noko er uklart, kan du ta direkte kontakt med saksbehandlar Kimmo Andre Pakkala på telefon 48 22 82 82 eller e-post kimmo.andre.pakkala@vegvesen.no.

Eigedomssesksjonen
Med helsing

Kimmo André Pakkala
Grunnervervar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



TEGNFORKLARING Plankart 1 av 1 SSSI nr. 4.5

AREALFORMÅL OG SSI
REGULERING AV AREAL OG PLAN- OG PUNKTSYMBOLER
 Illustrasjon av planens begrensning
 Kanten mellom ulike planområder
 Kanten mellom ulike planområder

REGULERING AV AREAL OG PLAN- OG PUNKTSYMBOLER
